

**Radøy kommune**  
**v/ Ordfører Jon Askeland**

***Søknad om kommunal stønad til friluftsliv!***

Ser i avisa NH at kommunen har tenkt å bruka 2 millionar kroner på å støtta idrettslag og øvrige folk som arbeider med å betra folkehelsa og auka trivsel/kondisjon for kommunens innbyggjarar.

I 30 år har eg jobba med å få folk ut i Radøynaturen. Dei siste 15 åra har eg drevet eit enkelmanns foretak som eg kallar **Radøy Friluft**. Der eg driv 3 friluftspostar. Ein nord i kommunen ved **Otertjødna** på Listveiten. Ein aust i kommunen ved **Lometjødna** på Sletta og ein heilt sør i kommunen, **Grønfjellet** på Sæbø. Samla besøkstalla på desse 3 postane har lagt på mellom 12 og 16 tusen årleg. Totalt har her vore litt i underkant av 300 tusen registreringar på postane sidan oppstart i 1990/91. (Vil passera den magiske grensa neste år). Noko som igjen tilseier at kvar radværing har i snitt registrert seg 60 gongar på desse 3 postane.

Årleg går det med 5000 – 8000 kroner for å halda hjula i gong.

Søkjer derfor om kommunen vil sponsa meg med kr 5000,-

Med helsing

Steinar Haugland  
Radøy Friluft